

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
 Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
 Sak nr.: 2015/1434-553

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.12.2017

Fylkesvåpen - utforming og fastsettjing**Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3.kvartal 2018

Vedlegg:

1. Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017), kap. 3.1.
2. Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, § 15.

SAKSFRAMSTILLING

2. Bakgrunn for saka

Bakgrunn for saka

I §15 i fellesnemnda sitt reglement har nemnda fått i oppgåve å føreslå eit nytt fylkesvåpen som kan vere eit samlande symbol for den nye fylkeskommunen. Dette samsvarer med føringane i intensjonsplanen sitt kap. 3.1.

Dagens ordning for godkjenning av kommune-/fylkesvåpen er ikkje lov- eller forskriftsfesta, men basert på langvarig forvaltningspraksis attende til 1898. Praksisen inneber at Arkivverket fungerer som rådgjevande instans for kommunar og fylkeskommunar i samband med utforminga av nytt våpen.

Arkivverket gjev òg ein rådgjevande uttale til KMD før kommune- eller fylkesvåpenet vert endeleg fastsett av Kongen i statsråd. Arkivverket si tilråding er formelt ikkje bindande, men det finst førebels ikkje døme på søknadar der tilrådinga ikkje har vorte følgd. Den kongelege resolusjonen om kommune-/fylkesvåpen krev også ein nedfelt, skriftleg våpendefinisjon. Våpenet vert her beskrive med ord, og koplinga til kommunen eller fylket sitt namn vert lagd stor vekt på.

Det ligg føre eit lovforslag i Stortinget om å forenkle rutinane for fastsetting av kommune- og fylkesvåpen. Framlegget inneber at kommunestyra og fylkestinga sjølv kan vedta våpenet, og den nye ordninga vil eventuelt bli gjeldande frå våren 2019.

Fylkesrådmennene si tilråding

Val av fylkesvåpen har vesentleg betydning for utforminga av m.a. nettsider, logo og grafisk profil. Etter fylkesrådmennene si vurdering bør dermed fellesnemnda gjere vedtak om forslag til fylkesvåpen seinast i 3. kvartal 2018.

Fylkesvåpenet er eit viktig fylkeskommunalt symbol. Fylkesrådmennene føreslår at det vidare arbeidet med dette symbolet vert forankra direkte i fellesnemnda gjennom arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet får i oppgåve å setje i gang prosessen med utforming av det nye fylkesvåpenet. Det vil vere nødvendig at arbeidsutvalet knyter til seg både heraldisk kompetanse og grafisk designkompetanse i dette arbeidet, for å sikre at det nye fylkesvåpenet tek i vare formkrav og at dette kan inngå i profilering av den nye fylkeskommunen.

Fylkesrådmennene gjer framlegg om at arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda seinast 3.kvartal 2018.